
Saksnr: 2020/79033-1
Saksbehandlar: Marianne Ose Askvik

Saksgang

Utval	Utv.saksnr.	Møtedato
Hovudutval for kultur, idrett og integrering		13.01.2021

**Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar.
Retningsliner 2021**

Forslag til vedtak

1. Vestland fylkeskommune lyser ut dei vedteke 1 500 000 kroner frå budsjettposten «Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar» i form av ei tilskotsordning.
2. Hovudutval for kultur, idrett og integrering sluttar seg til retningsliner for Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næring slik dei vert omtala i saksframlegget.

Samandrag

I statsbudsjettet for 2021 vart det vedteke å flytte ein av tilskotsordningane Kulturrådet har hatt for kulturell og kreativ næring frå Kulturrådet til fylkeskommunalt nivå. Midlane, 1 500 000 kroner, vart overført til Vestland fylkeskommune som del av rammeoverføringa for 2021. Det vart difor oppretta ein eiga budsjettpost til regional bransjeutvikling i Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett for 2021.

Per Morten Ekerhovd
fylkesdirektør

Ronny Bjørnar Skaar
seksjonssjef

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har difor inga handskriven underskrift

Saksutgreiing

Bakgrunn for saka

I Vestland fylkeskommune sitt kulturbudsjett for 2021 var det lagt inn 1 500 000 kroner til regional bransjeutvikling med følgjande kommentar:

Tilskot regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringer er tilskotsmidlar overført frå Norsk kulturråd. Kriteria for tildeling vert lagt fram som eiga sak våren 2021

I statsbudsjettet for 2021 vart det vedteke å flytte ein av tilskotsordningane Kulturrådet har hatt for kulturell og kreativ næring frå Kulturrådet til fylkeskommunalt nivå. Denne ordninga hadde namnet Regional bransjeutvikling og har eksistert sidan satsinga for kulturell og kreativ næring starta i 2017.

I statsbudsjett for 2021 har Kulturdepartementet lagt slike føringar:

Post 01 Driftsutgifter (side 59)

Tilskuddsordningen Regional bransjeutvikling overføres fra Norsk kulturråd til regionene, jf. omtale på kap. 325, post 71. Som følge av bortfall av forvaltningsoppgaver knyttet til tilskuddsordningen, er posten redusert med 150 000 kroner.

Post 71 Kultur som næring (side 86-87)

Bevilgningen på posten omfatter tiltak som skal bidra til å styrke kunst- og kultursektorens økonomiske bærekraft, og skal dekke utgifter knyttet til tiltak som styrker kunnskapen om kultur som næring og kompetansen om entreprenørskap og forretningsdrift. Videre skal bevilgningen dekke utgifter til tiltak som skal bidra til økt investering i og omsetning av kunst, kulturelle og kreative produkter, tjenester, talenter og rettigheter, samt til at kunst- og kulturproduksjoner og store ar-rangementer når et større publikum og marked. Bevilgningen på posten har til nå omfattet tilskudd til ordningen Regional bransjeutvikling, kreativ næring, forvaltet av Norsk kulturråd. Som oppfølging av regionreformen, og som varslet i kommuneproposisjonen for 2021, foreslås denne bevilgningen overført til fylkeskommunene fra 2021. Posten er som følge av dette redusert med 11,4 mill. kroner, mot tilsvarende økning på Kommunal- og moderniseringsdepartementets kap. 572 Ramme-tilskudd til fylkeskommunene, post 60 Innbyggertilskudd, jf. omtale i Prop. 1 S (2020-2021) Kommunal- og moderniseringsdepartementet.

Same tekst gjenfinnast i Kommunal- og moderniseringsdept., som også presiserar at midlane vert overført i rammetilskotet til fylkeskommunane:

Tilskudd til regional bransjeutvikling (side 204)

Som ledd i oppfølgingen av regionreformen ble det varslet i kommuneproposisjonen for 2021 at det skal overføres tilskuddsmidler fra ordningen Regional bransjeutvikling, kreativ næring under Norsk kulturråd til fylkeskommunene. Det overføres derfor 11,5 mill. kroner fra Kulturdepartementets budsjett til rammetilskuddet i 2021. Se nærmere omtale i Prop. 1 S (2020-2021) for Kulturdepartementet.

Regional bransjeutvikling 2017-2020

Tilskotsordninga Regional bransjeutvikling hadde til føremål å bidra til å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar på området kulturell og kreativ næring. Målgruppa for ordninga var regionale bransjeaktørar og det vart gitt tilskot til tenesteutvikling og kompetanseheving innan nærings-, marknads- og forretningsutvikling som kom fleire aktørar i regionen til gode. Ordninga skulle ha effekt på strukturnivå. Vidare var tilskotsordninga retta mot følgjande kunstfelt; visuell kunst, musikk, scenekunst, litteratur, kulturarv, film, arkitektur, design, mote og spill. Den langsiktige målsettinga var å bidra bransjeutvikling for kulturelle og kreative bransjar i heile landet.

Regional bransjeutvikling hadde i 2020 ei ramme på 11 400 000 kroner, og denne vart fordelt etter prinsippet om lik fordeling til regionar inndelt i Nord-, Sør-, Øst-, Vest- og Midt-Norge, med 2 280 000 kroner til kvar av dei fem regionane.

Regional bransjeutvikling i Vestland fylkeskommune

Vestland fylkeskommune har vore i dialog med Kulturrådet om overføringa av ordninga. Fylkeskommunen har sett på kva tiltak og kva bransjeaktørar som tidlegare har søkt ordninga. Fylkesdirektøren har tilpassa kriterier og retningslinjer for ordninga på bakgrunn av dei som gjaldt hos Kulturrådet og fylkeskommunens regionale kulturpolitiske oppgåve. Fylkesdirektøren vil kome attende med ei vurdering av dei erfaringar vi får av arbeidet med ordninga i 2021.

Informasjon om ordninga vil vere tilgjengeleg på www.vestlandfylke.no.

Fylkesdirektør føreslår følgjande retningslinjer for ordninga:

Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næring

Føremål med ordninga

Ordninga skal bidra til å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring i Vestland. Ordninga gir tilskot til tenesteutvikling og kompetanseheving innan nærings-, marknads- og forretningsutvikling som kjem fleire aktørar i regionen til gode.

Ordninga er retta mot regionale kompetansesenter, organisasjonar, nettverk og andre aktørar med regionalt nedslagsfelt, for bransjebygging innan kulturell og kreativ næring.

Kven kan søkje

Søklar sine primæraktivitetar skal vere lokalisert i Vestland, og tiltaket må medverke til utvikling og styrking av regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring i Vestland. Søkjaren må vere offentlege eller private organisasjonar eller institusjonar.

Målgruppa er regionale kompetansesenter, organisasjonar, nettverk og andre bransjebyggjande aktørar med regionalt nedslagsfelt innan kulturell og kreativ næring.

Bransjebyggjande aktørar innan visuell kunst, musikk, scenekunst, litteratur, kulturvern, arkitektur, design, mote, film og spill kan søke ordninga.

Dersom prosjektet / tiltaket vert utført av samarbeidande aktørar der også aktørar frå andre næringar enn kulturell og kreativ næring inngår, skal hovudvekta av aktørane, og målgruppa for prosjektet, vere frå kulturell og kreativ næring.

Krav til søklar

Søklar sine primæraktivitetar skal vere lokalisert i Vestland, og søknaden må medverke til utvikling i Vestland.

Søkjaren må vere offentlege eller private organisasjonar eller institusjonar, deriblant føretak, foreiningar/lag og stiftingar. Utøvarar med registrerte einskildføretak kan også søkje. Private einskildpersonar kan ikkje søkje, med unntak av tilfelle der føresetnaden er at det vert etablert ein organisasjon, dersom søknaden blir innvilga. Innanfor nokre programområde kan det bli nærare spesifisert kven som kan søkje.

Søknadsfrist 2021

6.april

Kva kan ein få støtte til?

Det kan søkjast tilskot til prosjekt / tiltak som bidrar til bransjeutvikling gjennom økt nærings-, marknads- og forretningskompetanse og / eller betre tenester i Vestland.

Det vert ikkje gitt støtte til:

Det vert ikkje gitt støtte til innhaldsproduksjon, ordinær drift, kulturarrangement (konserter, turnear, framvisingar, utstillingar m.m.) eller forskning.

Vurdering

Prosjektet / tiltaket det blir søkt om, må oppfylle desse 2 absolutte kriteria for å verte tilrådd støtte:

1. Tiltaket skal vere i samsvar med føremålet i søknadsordninga.
2. Tiltaket skal ha regional kulturverdi, dvs. ha ein kommuneovergripande funksjon og / eller verdi, gjerne for større deler av fylket.

Søknaden blir vurdert ut i frå følgjande kriterium:

- Potensial for bransjebygging: Om prosjektet kan dokumentere korleis det skal bidra til å utvikle bransjestrukturane i regionen.
- Kunstnarøkonomi og nedslagsfelt: Om prosjektet gir fleire aktørar i regionen høve til profesjonalisering av verdikjeda og økt forretningskompetanse.
- Bredde i finansiering: Om prosjektet kan dokumentere lokal, regional eller privat medfinansiering.
- Overføringsverdi: Om prosjektet utviklar modellar, metodar eller tenester som kan ha relevans for andre aktørar / regionar.
- i kva grad prosjektet er nyskapande og kan ha verdi som pilotprosjekt
- i kva grad prosjektet har eit høgt kvalitativt nivå
- i kva grad prosjektet kan seiast å ha berekraft og gjennomføringsevne
- i kva grad søkjar har lukkast med å samarbeide med andre og på tvers av kultursektoren
- i kva grad søkjar kan oppnå full prosjektfinansiering (nasjonal/internasjonalt)
- i kva grad søkjar har tatt med vurdering av eventuell drift av tiltaket etter prosjektperioden (varig drift)

I vurderinga av alle søknader vert det lagt vekt på fagleg innhald, profesjonalitet og gjennomføringsevne.

Andre omsyn som vert vektlagt er geografisk spreiding og fagleg og sjangermessig bredde. Forseinkingar som ikkje er avtalt, eller manglande rapport / rekneskap i tidlegare tildelingar, vil også bli vektlagt i vurderinga av søknaden.

Krav til søknaden

Søknaden må innehalde ei skildring av søkjaren og eventuelle samarbeidspartnarar, samt nedslagsfelt og målgruppe for prosjektet.. Søknaden må skildre korleis prosjektet bidreg til bransjebygging.

For å få støtte må søknaden innehalde tilstrekkeleg informasjon / dokumentasjon

- om prosjektet eller tiltaket
- om søkjaren og eventuelle samarbeidspartnarar, samt nedslagsfelt og målgruppe for prosjektet
- om korleis arbeidet er planlagt gjennomført
- om budsjett for tiltaket
- om korleis prosjektet bidreg til bransjebygging

Prosjektet må ha tydelege mål, og ein konkret plan for korleis måla skal nås.

Søknaden skal sendast på elektronisk søknadsskjema.

Dersom det ikkje er rom for å løyve minst 1/3 av søknadssummen, vil søknaden få avslag. Vestland fylkeskommune fullfinansierer normalt ikkje prosjekt. Det er forventa at søkjar budsjetterer med andre kjelder for finansiering.

Organisasjonar må ha organisasjonsnummer for å søkje. Privatpersonar kan eventuelt søkje tilskot på vegne av ei gruppe. Då må du gje opp fødselsnummer, og eit eventuelt tilskot er oppgavepliktig til skattemyndigheitene.

Organisasjonar/institusjonar som tek imot driftsstøtte frå Vestland fylkeskommune kan søkje støtte til prosjekt eller tiltak som fell utanfor den ordinære drifta, som t.d. samarbeidsprosjekt og utprøving av nye tiltak.

Sakshandsaming og vedtak

Forvaltningslova ligg til grunn for all søknadshandsaming i Vestland fylkeskommune. Alle søknader er i utgangspunktet offentleg tilgjengelege, jf. forvaltningslova (fvl.). Unnatak gjeld personopplysningar. Desse vert unnatekne offentlegheita jf. fvl. §13. I særlege tilfelle kan utsett offentlegheit vurderast etter fvl. Ta kontakt med sakshandsamar ved spørsmål.

Avdeling for kultur, idrett og inkludering førebur søknadane for politisk handsaming og vedtak i hovudutval for kultur, idrett og integrering. Kvar søknad er eit einskildvedtak og innstilling skal grunngjevast i saksframlegget. Vedtak som fråvik frå fylkesdirektøren si innstilling skal også grunngjevast. Søknadene skal i hovudsak vere handsama innan tre månader etter søknadsfrist.

Oppfølging og rapportering

Utbetaling skjer som hovudregel etter at fylkeskommunen har mottatt rapport og rekneskap for tiltaket. Tilsegnsmottakar skal rapportere og sende inn rekneskap innan tre månader etter at tiltaket er gjennomført.

Tiltaket skal gjennomførast på den måten og i det tidsrom som går fram av søknaden. Eventuelle vesentlege endringar i prosjektet må meldast skriftleg til sakshandsamar for vurdering og godkjenning.

Det vert arbeidd med eit nettbasert rapporteringskjema - sjekk nettsida for ordninga for oppdatert informasjon.

Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlar vert forvalta som føreset. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkravd for sin kontroll.

Klage

Vedtak kan klagast på etter Forvaltningslova §28, som omhandlar klagerett for part eller anna person med rettsleg klageinteresse ved einskildvedtak. Søkjar kan klage på vedtaket innan ein frist på tre - 3 - veker. Fristen vert rekna frå den dagen søkjar tok imot melding om vedtaket.

Den fylkeskommunale klagenemnda er klageinstans. Ei klage må innehalde opplysningar om kva vedtak det vert klaga over, årsaka til at det vert klaga og kva endringar ein meiner bør gjerast. Klagen vert sendt til Vestland fylkeskommune

Forankring i planverk

Kultursatsingane i Vestland fylkeskommune er vedtekne gjennom [regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS:KULTUR](#) og i [regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027](#), Kultur for alle.

Planane gjeld i det geografiske området dei er vedtekne i, fram til regional plan for kultur i Vestland er vedteken.

Vedtakskompetanse

Hovudutval for kultur, idrett og integrering

Vurderingar og verknader

Økonomi:

Tildelingar vil vere i samsvar med budsjett. Tilskotsordningar på kulturfeltet er eit økonomisk verkemiddel og står sentralt i den regionale kulturpolitikken til Vestland fylkeskommune.

Klima:

Saka omhandlar ikkje tilhøve direkte knytt til klima.

Folkehelse:

Regional plan for folkehelse 2014 - 2025 - fleire gode leveår for alle: Kulturopplevingar har positiv verknad på folkehelsa

Utviklingsplan for Vestland 2020-2024 (Regional planstrategi):

Regional plan for kultur i Sogn og Fjordane 2019-2027, Kultur for alle, og regional plan for kultur i Hordaland 2015-2025, PREMISS: KULTUR set mål for tilskot til kunst- og kulturføremål.

Konklusjon

Fylkesdirektør rår til at Tilskot til regional bransjeutvikling innan kulturelle og kreative næringar vert etablert og lyst ut som ein tilskotsordning for å utvikle og styrke regionale bransjestrukturar for kulturell og kreativ næring. 1 500 000 kroner er sett av til ordninga i 2021.